

**Halvårsrapport  
pr. 30.06.2018**

## KVARTALSRAPPORT PR. 30.06.2018

### Revisjon

Luster Sparebank sin rekneskap pr. 30.06.2018 er ikkje revidert.

### Resultat

Banken har pr. 30.06.2018 oppnådd ein rentenetto på kr. 27,2 mill. Rentenettoen utgjør i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,56 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen kr. 27,6 mill. og i prosent av gfk 1,67 %. Rentenettoen i kroner har gått ned med 0,4 mill. kr siste året. Rentenettoen i prosent har gått ned med 0,11 %. Det er reduksjon i Luster Sparebank sine utlånsrenter som er den viktigaste forklaringa til nedgangen i rentenettoen. Årsaka til reduksjonen i utlånsrenter er konkurransen i marknaden. Luster Sparebank har plassert likviditetsporteføljene i rentefond. Avkastninga på rentefond blir i rekneskapet klassifisert som utbytte. Dette bør ein vera klar over ved samanlikning av rentenettoen i Luster Sparebank med rentenettoen i andre bankar.

Netto andre driftsinntekter pr. 30.06.2018 er på kr 10,2 mill. og er med dette kr 0,5 mill. lågare enn på same tid i fjor.

Sum driftskostnader har auka med kr 1,05 mill. i forhold til same tidspunkt fjor.

Personalkostnader har auka som følge av auke i årsverk og lønstillegg.

Auken i administrasjonskostnader kjem av at det er komme til eingongspostar i første kvartal 2018.

Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar er på kr 16,9 mill. som er kr 2 mill. dårlegare enn på same tidspunkt i fjor.

Tap på utlån og garantiar er kostnadsført med kr 1,9 mill. På same tidspunkt i fjor var tap berekna til kr 2,5 mill. Luster Sparebank har realisert ein vinst ved sal av aksjar i DNB på kr 2,1 mill. og ein vinst på kr 1,5 mill. i samband med fusjonen mellom Bankaxept AS, Bankid AS og Vipps AS. Dette gir samla aksjevinstar på kr 3,6 mill. som er inntektsført i rekneskap pr. 30.06.2018.

Etter skatt blir resultatet for perioden kr 14,0 mill. mot kr 12,3 mill. på same tidspunkt i fjor. Låge tap så langt og vinst på aksjar veg opp for lågare rentenetto og høgare driftskostnader samanlikna med fjoråret.

### Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.06.2018 var på kr 3.602,8 mill. Veksten siste året er på kr 180,0 mill. ( 5,3 %). Forretningskapital som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS, er pr. 30.06.2018 på kr 4.224,6 mill. Veksten i forretningskapital siste året er på kr 229,4 mill. eller 5,7 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med kr 2.924,7 mill. Veksten siste året er på kr 243,9 mill. eller 9,16 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.06.2018 overført kr 621,7 mill. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført kr 573,3 mill. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med kr 293,4 mill. eller 9,02 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.06.18 var fordelt med 26,4 % på næring og 73,6 % på personmarknad og offentleg sektor. På same tidspunkt i fjor var fordelinga 25,4 % på næring og 74,6 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskott frå kundar er bokført med kr 2.535,7 mill. Veksten siste året er på kr 62,2 mill. eller 2,50 %.

Banken har langsiktig lånt inn kr 180 mill. frå Kredittforeningen for Sparebanker. Banken har teke opp obligasjonslån for kr 400,0 mill. Låneavtalane har restløpetid på mellom 11 månader og 3 år og 11 månader. Bankens innskotsdekning er 86,7 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

### Misleghald, tapsnedskrivningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette utlån utgjør kr 36,2 mill. kr. pr. 30.06.2018. Dette er ein auke på kr 0,6 mill.

samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskrivningar har auka med 0,6 mill. kr samanlikna med same tidspunkt i fjor. Både nedskrivning på grupper og nedskrivning på enkeltengasjement syner svak auke.

Luster Sparebank har ein nøktern risikoprofil i si kredittgjeving og andre plasseringar. Banken har i første halvår 2018 ikkje endra kredittrisikoprofil.

### **Kapitaldekning**

Luster Sparebank nyttar standardmetoden for kredittrisiko og basismetoden for operasjonell risiko.

Pr 30.06.2018 har banken ein netto ansvarleg kapital på kr 390,1 mill. Heile banken sin netto ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Med eit berekningsgrunnlag på kr 2.026,7 mill gir dette ei rein kjernekapitaldekning på 19,25 %.

Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.06.2018 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 19,98 %.

Frå og med 01.01.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper inn i banken sin konsoliderte kapitaldekning. Luster Sparebank har eigarandelar i Verd Boligkreditt AS (6 %) og Brage Finans AS (1,35 %) og desse må konsolideras. Etter konsolidering har Luster Sparebank ei rein kjernekapitaldekning på 18,54 %, ei kjernekapitaldekning på 18,75 % og ei kapitaldekning på 19,04 %.

### **Utsiktene for resten av året**

Luster Sparebank sitt resultat er godt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS for dei første seks månadane av 2018 er på 4,2 %. Styret er tilfreds med utviklinga første halvår av 2018.

**Gaupne, 10.08.2018**

**I styret for Luster Sparebank**

Bjarne Venjum  
styreleiar

Ove Nyland

Randi Kristin Bugge

Anette Stegegjerdet Norberg

Inge Teigen

Oddstein Haugen  
banksjef

**RESULTATREKNESKAP**

(Tal i heile 1.000)

	30.06.18	30.06.17	2. kvartal 2018	2. kvartal 2017	31.12.17
Renteinntekter og liknande inntekter	45.456	44.459	23.073	22.206	88.676
Rentekostnader og liknande kostnader	18.274	16.865	9.548	8.546	33.566
<b>Netto rente og provisjonsinntekter</b>	<b>27.182</b>	<b>27.594</b>	<b>13.525</b>	<b>13.660</b>	<b>55.110</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	4.804	5.029	4.220	4.618	7.534
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	5.188	5.433	2.610	2.660	12.756
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-572	-602	-288	-241	-1.338
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	192	239	69	100	362
Andre driftsinntekter	601	629	289	317	1.262
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>10.213</b>	<b>10.728</b>	<b>6.900</b>	<b>7.454</b>	<b>20.576</b>
Personalkostnader	10.223	9.637	4.885	4.741	19.410
Administrasjonskostnader	7.266	6.192	3.692	3.319	12.013
Ordinære avskrivningar	811	1.299	406	650	1.561
Andre driftskostnader	2.147	2.269	1.038	1.148	3.598
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>20.447</b>	<b>19.397</b>	<b>10.021</b>	<b>9.858</b>	<b>36.582</b>
<b>Driftsresultat før tap og netto vinst/tap anleggsaksjar</b>	<b>16.948</b>	<b>18.925</b>	<b>10.404</b>	<b>11.256</b>	<b>39.104</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.851	2.537	2.095	1.170	2.314
Netto vinst/tap anleggsaksjar	-3.586	0	-3.586	0	-4.902
<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>18.683</b>	<b>16.388</b>	<b>11.895</b>	<b>10.085</b>	<b>41.692</b>
Skatt på ordinær resultat	4.671	4.097	2.974	2.521	8.844
<b>Resultat av ordinær etter skatt</b>	<b>14.012</b>	<b>12.291</b>	<b>8.921</b>	<b>7.564</b>	<b>32.848</b>

## BALANSE

(Tal i heile 1.000)

EIGENDELER	30.06.18	30.06.17	31.12.17
Kontantar og fordringar på Norges Bank	49.048	49.121	69.200
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	187.225	231.427	136.805
- Utlån til og fordringar på kundar	2.924.700	2.680.758	2.826.475
- nedskrivingar på individuelle utlån	-6.360	-6.334	-4.150
- Nedskrivingar på grupper av utlån	-17.600	-17.400	-18.300
Sum netto utlån til og fordringar på kundar	2.900.740	2.657.024	2.804.025
Sertifikater, obligasjonar og andre rentebærande verdipapir	22.943	0	20.143
Aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	391.827	445.087	348.026
Utsett skattefordel	5.488	5.351	5.488
Varige driftsmidlar	5.807	5.704	6.291
Andre eigendeler	835	696	20.169
Forskotsbetalte kostnader og opptente inntekter	38.953	28.501	8.246
<b>SUM EIGENDELER</b>	<b>3.602.866</b>	<b>3.422.911</b>	<b>3.418.393</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	180.000	175.000	180.000
Innskot frå og gjeld til kundar	2.535.730	2.473.525	2.450.698
Gjeld stifta ved å utstede verdipapir	400.037	319.626	319.987
Anna gjeld	10.017	10.067	15.684
Påløpte kostnader og mottekne ikkje opptjente inntekter	19.254	19.705	8.207
Avsetning for påløpte kostnader og forpliktingar	14.306	13.036	14.307
Sum gjeld	3.159.344	3.010.959	2.988.883
Sparebankens fond	410.810	382.761	410.810
Gåvefond	18.700	16.900	18.700
Udisponert overskot	14.012	12.291	0
Sum eigenkapital	443.522	411.952	429.510
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>3.602.866</b>	<b>3.422.911</b>	<b>3.418.393</b>
Garantiansvar	36.524	33.346	41.733
Pantsetjingar	50.665	15.000	50.665
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	621.728	572.311	576.881
Gjennomsnitleg forvaltningskapital	3.509.772	3.332.429	3.330.170

## RESULTATANALYSE

(i prosent av gjennomsnittlig forvaltningskapital)	30.06.18	30.06.18	31.12.17
Renteinntekter og liknande inntekter	2,61 %	2,70 %	2,66 %
Rentekostnader og liknande kostnader	1,05 %	1,02 %	1,01 %
<b>Netto rente og provisjonsinntekter</b>	<b>1,56 %</b>	<b>1,67 %</b>	<b>1,65 %</b>
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0,28 %	0,31 %	0,23 %
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	0,30 %	0,33 %	0,38 %
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-0,03 %	-0,04 %	-0,04 %
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	0,01 %	0,01 %	0,01 %
Andre driftsinntekter	0,03 %	0,04 %	0,04 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>0,59 %</b>	<b>0,65 %</b>	<b>0,62 %</b>
Personalkostnader	0,59 %	0,58 %	0,58 %
Administrasjonskostnader	0,42 %	0,38 %	0,36 %
Ordinære avskrivningar	0,05 %	0,08 %	0,05 %
Andre driftskostnader	0,12 %	0,14 %	0,11 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>1,17 %</b>	<b>1,18 %</b>	<b>1,10 %</b>
<b>Driftsresultat før tap og skatt</b>	<b>0,97 %</b>	<b>1,15 %</b>	<b>1,17 %</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	0,11 %	0,15 %	0,07 %
Netto tap/vinst anleggsaksjar	-0,21 %	0,00 %	-0,15 %
<b>Resultat av ordinær drift før skatt</b>	<b>1,07 %</b>	<b>0,99 %</b>	<b>1,25 %</b>
Skatt på ordinært resultat	0,27 %	0,25 %	0,27 %
<b>Resultat av ordinær etter skatt</b>	<b>0,81 %</b>	<b>0,75 %</b>	<b>0,99 %</b>

**TAP, TAPSNEDSKRIVINGAR OG MISLEGHALD**

(tal i heile kr 1.000)	30.06.18	30.06.17	31.12.17
<b>Tap på utlån og garantiar</b>			
Endring individuelle nedskrivningar inkludert amortisering	2.255	1.186	-750
Endring i nedskrivning på grupper av lån	-700	-200	700
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	92	368	934
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	441	1.235	1.413
Inngang på tidligare konstaterte tap	-237	-52	-109
<b>Netto kostnadsført vedk. tap på utlån</b>	<b>1.851</b>	<b>2.537</b>	<b>2.188</b>
Endring i individuelle tapsnedskrivningar på garantiar	0	0	126
<b>Tap på utlån, garantiar m.v.</b>	<b>1.851</b>	<b>2.537</b>	<b>2.314</b>

**Misleghaldne engasjement**

Brutto misleghaldne engasjement over 90 dagar	32.735	32.062	28.557
- individuelle tapsnedskrivningar	-5.684	-5.289	-3.440
<b>Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>27.051</b>	<b>26.773</b>	<b>25.117</b>

**Tapsutsette engasjement**

Brutto tapsutsette engasjement	3.489	3.576	3.540
- individuelle tapsnedskrivningar	-676	-1.045	-710
<b>Netto tapsutsette engasjement</b>	<b>2.813</b>	<b>2.531</b>	<b>2.830</b>

**ANSVARLEG KAPITAL OG KAPITALKRAV**

(tal i heile kr 1.000)	30.06.18	30.06.17	31.12.17
Sparebankenes fond	410.810	382.761	410.810
Gåvefond	18.700	16.900	18.700
-Frådrag	-39.368	-23.757	-25.364
<b>Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)</b>	<b>390.142</b>	<b>375.904</b>	<b>404.146</b>

**Engasjementskategoriar (vekta beløp)**

Statar og sentralbankar	0	0	0
Lokale og regionale myndigheiter (herunder kommunar)	4.410	17.329	4.691
Offentleg eigde foretak		2.836	15.577
Institusjonar	54.310	45.215	26.617
Foretak	115.385	103.348	107.338
Engasjement med pantetrygd i eigedom	1.525.309	1.369.911	1.435.038
Forfalte engasjementer	37.521	37.488	45.067
Obligasjonar med fortrinnsrett	8.998	6.869	8.889
Andeler i verdipapirfond	35.724	48.805	38.685
Eigenkapitalposisjonar	81.937	77.583	77.250
Øvrige engasjement	25.882	55.198	44.756
<b>Berekningsgrunnlag kredittrisiko</b>	<b>1.889.476</b>	<b>1.764.582</b>	<b>1.803.908</b>

<b>Berekningsgrunnlag operasjonell risiko</b>	<b>137.181</b>	<b>132.834</b>	<b>137.180</b>
---	----------------	----------------	----------------

<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>2.026.657</b>	<b>1.897.416</b>	<b>1.941.088</b>
-------------------------------	------------------	------------------	------------------

**Kapitaldekning**

Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag	19,25 %	19,81 %	20,82 %
--	---------	---------	---------

**Krav til kapital**

Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	162.133	151.793	155.287
Ansvarleg kapital	390.142	375.904	404.146

**Overskot av ansvarleg kapital**

228.009	224.111	248.859
---------	---------	---------

**Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav**

228.009	224.111	248.859
---------	---------	---------

**Bufferkrav**

Bevaringsbuffer 2,5 %	50.666	47.435	48.527
Systemrisikobuffer 3 %	60.800	56.922	58.233
Motsyklisk buffer 2 %	30.400	28.461	38.822

**Sum bufferkrav**

141.866	132.819	145.582
---------	---------	---------

**Overskot rein kjernekapital**

86.143	91.292	103.277
--------	--------	---------

**KONSOLIDERT KAPITALDEKNING**

Frå og med 1.1.2018 skal eigarpostar på under 10 % i samarbeidande grupper konsolideras inn i kapitaldekningsberekning. Luster Sparebank eig 6,6 % i Verd Boligkreditt AS og 1,35 % i Brage Finans AS og dette blir teke med i Luster Sparebank si konsoliderte kapitaldekning.

30.06.18

Konsolidert rein kjernekapitaldekning i %

18,54 %

Konsolidert kjernekapital dekning i %

18,75 %

Konsolidert kapitaldekning i %

19,04 %

**UVEKTA KJERNEKAPITALANDEL**

30.06.18

Uvekta kjernekapitalandel

10,51 %

Konsolidert uvekta kjernekapitalandel

9,73 %

**LIKVIDITET**

30.06.18	30.06.17	31.12.17
----------	----------	----------

Liquidity Coverage Ratio (LCR)

162,0 %	193,0 %	113,0 %
---------	---------	---------